



**Internt notat**

Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2020/1049-14	Marius Vøllestad,	033	11.04.2021

**Til:**

**Frå:** Marius Vøllestad

**Referat frå møte i SMU 10.03.2021**

**Status skulemiljø**

Rektor orienterer: Skulen jobbar systematisk med å handtere mobbing og når det er nokon utfordringar med skulemiljøet. Han er veldig oppteken av at alle (tilsette, elevar osv) skal ta kontakt med ein gong og at all kommunikasjon skal vere open. Alle må seie ifrå viss det skal vere noko. Vi (skulen) jobbar saman med kultur for å forhindre mobbing. FAU-representant lurar på om det har vore mange saker som har blitt meldt inn. Rektor svarar at det har vore nokon, men sakene har blitt tatt opp i møter og de har blitt løyst. Rektor er oppteken av at elevane skal gå ut ifrå Tveit skule/Nissedal ungdomsskule med styrka sjølvtilleit og eit godt sjølvbilete. Dette jobbar vi med no og det kjem vi til å jobbe med i tida framover også. 10. klasse kan framleis ta kontakt etter at dei har gått ut frå skulen.

30% ikkje fullført vidaregåande skule – Det er ein altfor høg prosent. Vi må gjere noko med dette. Vi har tatt det opp internt og må sjå på kva vi kan gjere annleis. Når elevane flyttar ut av fylket mistar ansvarleg på fylket oversikta over dei.

Rektor meiner at studieteknikk, språkleg kunnskap og det å styrke søvnmonster kan vere lurt for å få fleire til å gjennomføre vidaregåande skule. Dette har vi jobba med på ungdomsskulen allereie. Det vi då hadde fokus på var sjølvtilleit og det å «tøffe» elevane våre. At møtet med vidaregåande kan bli for hard viss vi «syr puter» under armane på elevane.

Vi har også jobba med hærverk på alle trinn i ungdomsskulen og skal ha eit politibesøk. Filmkonkurranse om førebygging av mobbing og hærverk. Rektor har søkt om 10 tusen kroner til eventuelle premier.

Undersøking om leksefrei skule. Tilsette har svart og føresette har svart. Rektor skal gå rundt å samle inn meiningar frå elevar. Dette er elevmedverking.

## **Ungdata-undersøking**

Undersøkinga er gjennomført.

### **Covid-19 situasjonen**

Lærarar fortener skryt. Vi hadde ein plan som gjorde at vi kunne starte på raudt nivå veldig fort. Ein stor takk også til teknisk og vaskepersonale. Vi har strengare tiltak når det gjeld besøk på skulen. Ingen besøk av DKS slik situasjonen er no. Utsetting av 10. klassetur til Lofoten. Flyttet til mai.

### **Joleball**

Vi hadde eit flott joleball. Dei tilsette ved skule hjelpte til, sidan føresette ikkje kunne bidra i år. Veldig fin inkludering av 10. klasse. Dei var flinke til å få med folk til å danse. Kjoleutlån før ballet var veldig positivt.

### **17. mai**

Avlyste møter gjer at planlegginga har blitt noko utsett. 7. klasse har hovudansvaret for dagen. Viktig med eit alternativ slik at dagen blir markert på ein måte. 17. mai kjem vi tilbake til.

### **Uteområde på småskulen**

210.000 er blitt innvilga. Anleggsarbeidet slukar ein del av pengane. Rektor har gått rundt og elevane har sjølv fått velje kva for stativ dei vil ha.

Referent

Lærarrepresentant: Hedda Skyum